



Arkiv nr:

Sak nr 26/2020

Møtedato: 01.09.2020 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Klage på vedtak i sak 23/2020: S737, Murkelie – støl falt i det fri

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA NEDST PÅ SIDE 1:

S737, Murkelie – støl falt i det fri

Til garden 69/5 vart det 70-talet vist ut ca. 20 daa til støl ved Murkelie. Det vart på 80-talet gjeve kort frist på å ta stølen i bruk. Det er gjort litt ryddingsarbeid, men arealet er no i ferd med å gro att med bjørk. Det er ikkje ført opp stølshus, utanom ei lita brakke som står rett utanfor stølsutvisinga. Stølen er ikkje teken i bruk som støl jf. reglane i fjellova. Etter fjellova/forskrift fell stølen tilbake til allmenningen dersom stølen ikkje er teken i bruk innan 5 år.

§ 8. Om frist til å ta setra i bruk

Utvist seter må takast i bruk innan 5 år, jf. § 18 femte ledd i fjellova. Når det er gått 5 år sidan utvisinga blei gjort, skal fjellstyret sjå til at utvist seter er teken i bruk i samsvar med føresetnadene for utvisinga. Om det utviste ikkje er teke i bruk innan 5 år skal fjellstyret ved vedtak ta stilling til om retten er falt bort, og gi melding til Statskog SF. I si melding til Statskog SF må fjellstyret gi sitt syn på om seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus eller om utvisinga skal først over til ein annan eigedom i samsvar med § 20 første ledd, eller § 21 første ledd i fjellova. Fjellstyret skal i slike saker innhente fråsegn frå regional kulturminnestyresmakt. Statskog SF kan påleggje seterbrukaren å fjerne eventuelle hus, om ikkje utvisinga blir ført over til ein annan eigedom i samsvar med § 20 første ledd eller § 21 første ledd i fjellova, og den nye brukaren tek over husa.

Fjellstyret kan heller ikkje vise ut stølen på nytt utan at det er behov for støl til drift av garden. For å få vist ut støl vil det normalt bli stilt krav om mjølkeproduksjon på stølen.

Eigar av 69/5 er bedt om uttale til saka innan 6.6.20. Fjellstyret har ikkje motteke svar.

Det er eit dårleg brakkelikande bygg utanfor stølsutvisinga som må fjernast. Brakka er ikkje å rekne som eit byggverk som skal sendast fylkeskommunen til uttale ved krav om riving.

Framlegg til vedtak i sak 26/2020:

Fjellstyret finn at stølen ikkje er teken i bruk og er falle i det fri etter fjellova §18 i fjellova. Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til støl, tilleggsjord eller inngjerda beite. Frist for å fjerne brakke blir sett til 1.10.2020.

Vedtak i sak 26/2020:

Fjellstyret finn at stølen ikkje er teken i bruk og er falle i det fri etter fjellova §18 i fjellova. Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til støl, tilleggsjord eller inngjerda beite. Frist for å fjerne brakke blir sett til 1.10.2020. Vedtaket er samrøystes.

Klagebehandling:

Det vart sendt melding om vedtak til Evensen i denne saka til folkeregistrert adresse.

10. august kom det epost i frå Kåre Olav Evensen (sjå vedlegg), der han viser til telefon samtale med Harald Ranum.

Han hevder vidare at ingen brev er motteke, verken brev før saka vart behandla eller melding om vedtak. Han fekk info om dette via andre, som gjorde at han tok kontakt.

Oppsummert bestrider han at stølen er falt i det fri, då han har vore i god tro på at dette var i drift til sauebeite. Han ber difor om at jordet blir tilbakeført til garden.

Ved nærare ettersyn i arkiv, ligg det eit brev i 2002 (sak 26/2002) som faktisk stadfestar at fjellstyret godkjente at stølen var teke i bruk. Dette kom som følgje av spørsmål frå Statskog, som lurte på om stølen var teke i bruk. Dette legg då føring for vidare saksbehandling.

Det er usikkert om det faktisk har vore drift der dei siste 20 åra. At gjerdet ligg til nedfall og er fare for beitedyr/andre dyr samt at det er vokse busker der tyder på at det er lenge sidan dette er slege eller at det er nytta til inngjerda beite. Det er ikkje i sak 26/2002 definert at den har hatt drift i 2002, den saka omgjaldt kun om stølen med oppføring av omtala brakke kunne sjåast på som «take i bruk».

Administrasjonen, med bakgrunn i nye opplysningar frå 2002, tilrår at vedtak om at stølen fell i det fri utgår. Det inneber at klaga vert take til følgje. Dette fordi grunnlaget for vedtaket om falt i det fri var basert på at stølen ikkje var take i bruk.

Dersom ein finn at den har hatt drift dei siste 20 åra, vil administrasjonen i etterkant følgje opp dette arealet og kontrollere at det faktisk blir inngjerda på riktig måte. Dersom det ikkje har vore drift der siste 20 år, vil ein måtte sjå på dette på nytt, men det vil skje i ei eige sak i etterkant.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tek klagen frå Evensen til følgje, då nye opplysningar definerer at stølen er omtala som «take i bruk» i 2002 (jf. sak 26/2002).

Vedtak:

Fjellstyret tek klagen frå Evensen til følgje, då nye opplysningar definerer at stølen er omtala som «take i bruk» i 2002 (jf. sak 26/2002).

Samrøystes vedteke

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.9.20

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Stølsbrukar
Statskog
Vestre Slidre kommune